



Bergen og Hordaland Turlag



Hordaland fylkeskommune

KUP-midlar

Bergen, 1. juni 2017

## Søknad om KUP-midlar til deltaking og samhandling til det beste for kystfriluftslivet i Hordaland

### KYSTFRILUFTSLIV OG FORMIDLING AV KULTURMINNER FOR FLEIRE BARN OG UNGE

**Vi ber om støtte frå Hordaland fylkeskommune og KUP-midlane på kr 350.000,- pr. år over 3 år.**

#### Kort om organisasjonane

Bergen og omland friluftsråd (BOF) og Bergen og Hordaland Turlag (BHT) har ei særskilt viktig rolle i tilrettelegging og utvikling av kystfriluftslivet. Kystfriluftslivet blir stadig meir populært blant folk og er ein viktig kulturarena med sterke tradisjonar i fylket.

BOF er eit interkommunalt samarbeidsorgan mellom kommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Kvam, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Tysnes, Øygarden og Vaksdal. BOF samarbeider med mange frivillige grupper og lag i dette området. Friluftsrådets oppgåve er a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellig slag til allment bruk og b) Større forståing for friluftslivets betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.

BHT er Vestlandets største friluftslivsorganisasjon med ca. 30 000 medlemmer, med sterkt aukje blant barn (+18% siste året) og ungdom (+23%). Organisasjonen vart grunnlagt i 1890. Bergen og Hordaland Turlag er tilknyttet Den Norske Turistforening (DNT). Foreningas formål er å leggje til rette for eit aktivt, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Stadig meir av Turlagets aktivitet er knytta til nærmiljøet og til kysten. Den store auka i lokale turlag er langsmed kysten, frå Bømlo Turlag i sør til Austrheim og Nordhordland Turlag i nord. Bærebjelken er frivillighet med ca. 48 årsverk i 2016, kor mykje av arbeidet er i lokallag og grupper i BOFs område.

#### Styrke kystfriluftslivet gjennom styrka samhandling og auka deltaking

Det har lenge vore ønska å styrke samarbeidet mellom BOF og BHT for å utvikle frivilligheten og friluftstilbodet i området. Vi blir ofte utfordra fylkesidrettssjefen på ein positiv måte. I 2015 møtte styret og daglig leiar i BHT eit utvalg frå styret i BOF med daglig leiar for å drøfte eit mulig samarbeid. Dette er eit sterkt ønske frå begge partar å styrke samarbeidet både med tanke på arenaene

(friluftslivsområda) og aktivitetstilbodet. Friluftsliv som kulturarv og kulturminneformidling vil stå sentralt.

Med *frilufts/iv* meine vi fysisk aktivitet i naturen; aktivitet + naturopplevingar = friluftsliv. Meir spesifikt er det bruk av eiga fritid i friluft. Med friluft forstår vi altså at denne aktiviteten foregår utadørs. Friluftsliv skilje seg frå idrett ved mangelen på kunstige reglar for korleis den skal utførast. Unntatt at det er regler for trygg ferdsel, utøving og oppførsel. Og dette kjenner vi som allemandsretten.

*Kulturminne* er "Alle spor etter menneskeleg verksemd/aktivitet, i vårt fysiske miljø" er den vanlege bruken av kulturminneomgrepet . Men også hendingar, tru, tradisjon, og lokalitetar knytt til dette, vert definert som kulturminne.

Området vi kan styrke samarbeidet og tilbodet til innbyggjarane på er;

#### A: Formidling og deltaking

##### **Auke tilbodet og styrke samarbeid om aktivitet for barn og unge, samt formidling av kulturminner på arenaene og i aktiviteten**

- Etablere fleire Basecamp Hav for ungdom på BOFs arenaer i samarbeid med lokale turlag. Disse er svært populære. Vi har også gode resultat i høve deltaking av ungdom frå sårbare grupper ettersom terskelen for å delta er låg, t.d. fremmedkulturelle og fattige.



Foto: Å få tatt Vått-kortet og bli kjent med kajakk er gøy. Frå Basecamp Hav 2016.

Basecamp Hav har ein høg sosial faktor og tilbyr eit variert friluftlivstilbod. Her er eit utdrag frå ingressen til Basecamp Hav på Langøy Kultursenter 26.-30. juni 2017. Denne er fullbooka for lenge sidan og vi ønskjer å tilby mange fleire Basecampar i dei kommande tre åra.

*Er du klar for Basecamp Hav? Vi skal bade, teste ut coasteering, padle kakjakk, klatre, kjøre båt og fiske. Her får du muligheten til å bli kjent med andre ungdommer og ha en rå start på sommerferien! Campen er på idylliske **Langøy Kultursenter** og er et av Norges fineste friluftsområder for vannaktiviteter.*

Sjå vedlegg for meir informasjon om opplegget eller

<https://www.bergenoghordalandturlag.no/aktiviteter/83397/838919/>


- Utvikle og legge til rette for meir formidling av kulturminne i samband med aktivitetar til barn og unge i regi av organisasjonane. Eit godt døme er samarbeidet nyleg mellom Oselvarlaget og Barnas Turlag og Turboklubben i Os Turlag. Det er mykje kulturhistorie som det er spennande å gripe tak i samband med Basecamp Hav. I kvar kystkommune er det kulturminner som det er spennande å formidle til barn og unge. Kanskje er det å ro Oselvaren i Os og vere med å byggje robåt eller besøke Rotstova i Radøy eller Lyngheisenteret i Lindås, og lære meir om havstrilane sitt levesett. Det er ønskeleg at dette vert formidla i saman med friluftslivsaktivitar. Det vert ein innpakning som tigg!

*På 1800-talet var oselvaren den dominerande båttypen mellom fiskarane på heile Hordalandskysten, og etter den store omveltinga i fiskeria kring førre hundreårsskifte, då fiskarane byrja ta i bruk større båtar som dei sette motor i, var det berre Os og Strandebarm som overlevde som båtbyggjarbygder i Hordaland. Oselvaren er ein smekker robåt, mjukt bygd av tynne materialar og berre tre bordgangar. Han har vore kjend som ein særskilt lett robåt og snøgg seglar, og i tillegg som ein trygg båt.*

*Det vert framleis skipa til kappsegling – med eigen noregsmeisterskap – for osevararar.*

<http://www.oselvarverkstaden.no/oselvarverkstaden/historia/>

Her frå vellykka samarbeid mellom Barnas Turlag i Os Turlag og Oselvarlaget:



## B: Samordning og samhandling

**Fasilitere ein felles prosess med organisasjonane med mål om å forankre ein samarbeidsplattform.  
Forankring på styrenivå.**

Viktige moment blir;

- Utveksling av kunnskap i høve utvikling av anlegg knytt til friluftslivsområda og bruken av desse, og sjå på samarbeid kring nye planlagte anlegg og friluftslivsområder. BHT å etablere kysthytter i samarbeid med lokallag langsmed kysten, og her bør vi sjå på korleis vi kan utvikle eit godt heilsakapleg tilbod saman med BOFs anlegg både med tanke på hytter, naust til kajakk og stinettet.



*Foto: Coasteering er blitt veldig populært. Kast deg ut i dønningane frå havet.*

- Utstyr til utlån, utveksling av idear og erfaringar knytt til korleis vi skal utvikle utstyrsparken og utleige av t.d. kajakkar og robåtar, evt. gratis for visse grupper.

Både BOF og BHT har også eit stort ansvar for å bidra til aktivitet i høve friluftslivsområder i Hordaland. I dette arbeidet er kurs og fasilitering av barn og unge særskilt viktig. Vi ser det er stor interesse for å padle blant barn og unge. I mange kommunar er det gjort eit godt arbeid med å tilrettelegge stader for denne aktiviteten, men det trengs eit større tilbod av kurs og vugleieing. Andre stader er ein i startgropa. Ulike lag og grupper, deriblant lokallag i BHT, har kjøpt inn kajakkar som dei ønskjer fleire kan nytte.



*Foto: Kven vil prøve å fridykke? Det er spennande for mange å utforske det under vatnspegele.*

I DNT Ungs strategi er utstyrslån til ungdom et prioritert satsningsområde. Dette er også noe Friluftsrådene arbeider aktivt med. Utdrag fra DNT Ungs strategi;

*«Utlån av utstyr er eit viktig tilbod som kan senke terskelen for å kunne delta på fritidsaktiviteter. Gratis utlån av utstyr til ungdom gjer DNT til ein meir inkluderande organisasjon, og er eit viktig ledd i bekjemping av fattigdom i Norge. Barn og unge frå lågare sosioøkonomisk bakgrunn har begrensa tilgang til aktivitetstilbod, som gjer at dei fell enda meir ut av samfunnet.*

*Dersom kommunen/fylkeskommunen kan bidra med lokaler, ressurser og støtter opp om gode ordningar for utstyrslån, kan vi sørge for at enda fleire kan benytte seg av det fantastiske aktivitetstilbodet til DNT ung. Utlån av utstyr er også bra for miljøet, og er eit godt alternativ til å måtte kjøpe nytt.»*

DNT Ung har ca. 40 000 medlemmar nasjonalt og er ein av dei største sjølvorganiserte ungdomsorganisasjonane i Noreg.

### **Prosjektstøtte**

Utfordringa for begge er at det er for lite kapasitet i organisasjonane til å facilitere utvikling- og produksjonsarbeidet. Vi treng ein ressurs til å produsere fleire Basecamp Hav i samarbeid med frivillige og facilitere prosessen med å få på plass ein operasjonell samarbeidsplattform mellom BOF

og BHT. Stikkord er å utvikle med god forankring og tett samarbeid med frivillige lokalt i organisasjonane.

Vi treng ein administrativ ressurs som kan gripe tak i og samkøyre mange tiltak som vi per i dag ikkje har hatt kapasitet til å sjå på saman. Målet må vere at vi på sikt kan få meir av dette inn i drifta. I vurderinga av mange av desse tiltaka er et viktig å ha tett dialog med fylkeskommune og kommunane i området.

BOF og BHT ønskjer ressursar til å sette i gang eit prosjekt og kunne engasjere ein prosjektleiar i 100% stilling over 3 år. Prosjektleiar vil rapportere til daglig leiar i BHT og daglig leiar i BOF, og det vert avholdt 4-6 rapporteringsmøter i løpet av året. Det er viktig at begge organisasjonane er prosjekteigarar, slik at det er ei god forankring og vilje til å følgje opp med ressursar internt. Prosjektleiar vil ha kontorplass både hos BHT og BOF. Vedkommande vil formelt vere tilsett i BHT.

#### Budsjett

Lønn inkl. sosiale kostnader	kr. 600.000,- pr. år.
------------------------------	-----------------------

Overhead, utgifter til møter, reise mm.	Kr. 100.000,- pr. år.
---	-----------------------

Totalt budsjett	Kr. 700.000,- pr. år.
-----------------	-----------------------

Vi ønskjer at fylkeskommunen med KUP-midlar støttar prosjektet med å finansiere halvparten av kostnadene. Vi ber om støtte frå Hordaland fylkeskommune og KUP-midlane på kr 350.000,- pr. år over 3 år.

BOF og BHT vil søke andre eksterne midlar til å dekke den andre halvparten. Det vil vere ein betydeleg dugnadsinnsats i produksjonen gjennom BHTs lokale turlag og frivillige lag knytta til BOF. Sjå oversikt over alle lokale turlag: <https://www.bergenoghordalandturlag.no/lokallag/>

Organisasjonane dekker leige av instruktørar for kurs og andre løpende kostnader som er knytt til drifting av tilbodet som er tenkt utvikla.

Vi håpar søknaden er av interesse og tek gjerne eit møte for å presentere den nærmare.

No har vi prata om dette lenge. **Dette har vi veldig lyst til å få til!**

Åge Landro

Helene Ødven

Daglig leiar

Daglig leiar

Bergen og omland friluftslivsråd

Bergen og Hordaland Turlag

**Vedlegg 1:**

**X-Ung: Basecamp Hav på Sotra (13-15 år)**



**Arrangement**

**Fra dato**

26. juni kl. 08:00

**Til dato**

30. juni

**Vanskelighetsgrad**

Enkel

**Passer spesielt for**

Ungdom

**Turtyper**

Arrangement, Basecamp, X-Ung

**Arrangører**

DNT ung Bergen, Bergen og Hordaland Turlag

## Turområde

Vestlandet

## Turkode

539

DNT-medlem

2500,-

Ikke-medlem

2900,-

Det er ingen ledige plasser. [Sett deg på venteliste](#)

**Er du klar for Basecamp Hav? Vi skal bade, teste ut coasteering, padle kakjakk, klatre, kjøre båt og fiske. Her får du muligheten til å bli kjent med andre ungdommer og ha en rå start på sommerferien! Campen er på idylliske Langøy Kultursenter og er et av Norges fineste friluftsområder for vannaktiviteter.**

Vi setter opp lavvo og vår base ved kulturseneret. Hver dag får du være en hel dag sammen med profesjonelle instruktører som lærer deg kule triks.

Vi lager god og spennende mat til middag, og det mangler ikke på digg og kosefaktor på kveldstid.

Om kveldene blir det kos rundt leirbålet, fisking, slakkline, kjekke leker og konkuranser. På leir kan man komme alene eller ta med en venn. Uansett vil du garantert bli kjent med nye ungdommer på din egen alder.

### **Program med forbehold om endringer:**

Mandag: Vi drar på fisketur i to fiskebåter og har med oss fiskere fra Motivasjon og mestring. Vi deler gruppa i 2. På land sløyer vi fisken og lager deilig fiskesuppe. Gruppa som er på land rigger seg til i camp området og vi arrangerer ulike bli-kjent aktiviteter.

Tirsdag- Torsdag: Vi deler gruppene i 3. Det blir klatring på et fint klatreområde med steking av pannekaker underveis, spennende utflykt med coasteering langs svabergene og havpadling med tur hvor du blant annet får ta våttkort.

Fredag: God frokost :) Vi pakker sekkene våre, pakker ned leiren og koser oss sammen siste dag.

**Oppmøte:** Mandag 26.juni på Bergen Busstasjon perrong P kl.08.30. Avreise kl.09.00

**Hjemreise:** Fredag 30.juni, kl 15.00. Bergen busstasjon i 16-tiden.

**Pris:** Kr. 2500 for DNT ung medlemmer. Ikke medlem betaler kr 2900. Ønsker du å være med på flere flotte turer med DNT ung? Meld deg inn [her](#). All reise, instruksjon, transport og mat er inkludert i prisen. Faktura blir tilsendt på mail.

**PS! Turlaget sponser plasser til de som innehar "Aktivitetskortet" eller har lignende ordning. [Se mer info her](#).**

**Vilkår:** Les generelle vilkår [her](#).

**Utstyr:** Utstyrsliste blir sendt i forkant av leiren. Vi skal sove i lavvo/ telt hele uka.

**Mer info:** Når det nærmer seg vil dere få program og annen viktig info på mailen dere registrerer ved påmelding.

**Spørsmål?** Ta kontakt med administrasjonen på epost [silje.valla@dnt.no](mailto:silje.valla@dnt.no) eller tlf. 55 33 58 21